



Vågsøy kommune

Møteprotokoll

Helse-og omsorgsutvalg

Møtested: Formannskapssalen

Møtedato: 04.06.2013

Tidspunkt: 15:00 - 17:15

Til behandling: Saksliste nr. 022/13 - 025/13

Medlemmer:

- SP - Nils Isak Myklebust (Leder)
- AP - Helen Hjertaas (Nestleder)
- FRP - Lars Truls Kjølen (Medlem)
- SV - Viviann Midtbø (Medlem)
- V - Geir Arne Solheim (Medlem)

Varamedlemmer:

- H - Andreas Wik (Varamedlem)

Forfall:

- H - Inger Grethe Dalehamn (Medlem)
- H - Reidun Synnøve Blaalid (Medlem)

Av 7 medlemmer møtte: 5. Totalt frammøtte: 6.

Fra administrasjonen møtte: konst. kommunalsjef Jeanette Jensen.

Repr. Viviann Midtbø hadde bedt om permisjon, og tiltrådte møtet kl. 15.30 under orienteringen «Status barnevern».

Måløy, 04.06.2013

Jeanette Jensen
konst. kommunalsjef

Irene Sivertsen
konsulent

Følgende saker ble behandlet:

Sak nr.	Sakstittel	
022/13	Godkjenning av møteprotokoll	
023/13	Referatsaker/orienteringssaker	
024/13	Vertskommuneavtale øyeblikkelig hjelp senger	
025/13	Samhandlingsbarometeret organisering og finansiering	

Det ble først i møtet ei orientering vedr. «Status barnevern» v/tjenesteleder Velferd, Heidi Høstland og fagleder Barnevern, Lindis Husevåg. Tjenesteleder Høstland opplyste at Fylkesmannen har tilsyn på Barnevernet 04.06.2013 – 06.06.2013, og den endelige rapporten sendes Helse- og omsorgsutvalget.

Konst. kommunalsjef Jeanette Jensen orienterte deretter vedr. «Dagsenter for eldre». Konst. kommunalsjef Jensen opplyste at rådmannen har bestemt å legge ned tilbud om dagsenter for eldre friske etter ferien 2013, pga. den økonomiske situasjonen i tjenestene og behov for innsparinger. Helse- og omsorgsutvalget ba konst. kommunalsjef Jensen undersøke om noen kan tenke seg å ta dette på frivillig basis, lokalene ligger tilgjengelig. Administrasjonen tar dette innspillet videre.

Eldrerådet og Rådet for funksjonshemmede har møte fredag 07.06.2013 og vil bli orientert om nedleggelsen.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Helse-og omsorgsutvalg	04.06.2013	022/13

Endelig vedtak i: Helse- og omsorgsutvalget	Arkivsaknr.: 13/901	Saksansvarlig: Irene Sivertsen
---	-------------------------------	--

Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannens innstilling

Møteboken godkjennes som den foreligger.

04.06.2013 Helse-og omsorgsutvalg

Møtebehandling:

Ingen merknader.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig godkjent.

HS-022/13

Vedtak:

Møteboken godkjennes som den foreligger.

Vedlagt følger møteprotokoll fra møte 21.05.2013.

Vedlegg:

Dok.nr
111719

Tittel på vedlegg
HS 21.05.2013



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Helse-og omsorgsutvalg	04.06.2013	023/13

Endelig vedtak i: Helse- og omsorgsutvalget	Arkivsaknr.: 13/900	Saksansvarlig: Irene Sivertsen
---	-------------------------------	--

Referatsaker/orienteringssaker

Rådmannens innstilling

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

04.06.2013 Helse-og omsorgsutvalg

Møtebehandling:

Konst. kommunalsjef Jeanette Jensen orienterte om de utsendte referatsakene.

Ref. sak nr. 6: Oppmoding om busetting av flyktninger i 2014 – 2016

Rådmann Svanhild Mosebakken skal i samarbeid med tjenesteleder NAV, Anita Steinset, utarbeide en sak til Kommunestyret torsdag 20.06.2013.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

HS-023/13

Vedtak:

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

Liste over dokumenter til orientering:

Nr	Dok.ID	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	13/4790	U 26.04.2013	Det kongelige helse- og omsorgsdepartement et	Grenseproblematikk mellom helseregionar
2	13/4999	I 01.05.2013	Jan Eide	Brev til kommunane om grense, sjukehus og røysting
3	13/5757	I 15.05.2013	Helsedirektoratet	Oppfølging av demensinformasjon på kommuners nettsider
4	13/4816	I 24.04.2013	sosial- og helsetjenestene	Oppsummering av landsomfattande tilsyn i

				Helsetilsynet - tilsyn med barnevern	2011 og 2012 med tvungen helsehjelp til pasienter i sykehjem
5	13/4525	I	19.04.2013	Det kongelige helse- og omsorgsdepartement /Kunnsk	Stortingsmelding om morgendagens omsorg
6	13/5944	I	21.05.2013	Integrerings- og mangfoldsdirektoratet	Oppmodning om busetting av flyktningar i 2014 - 2016



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Helse-og omsorgsutvalg	04.06.2013	024/13
Eldrerådet	07.06.2013	012/13
Råd for funksjonshemmede	07.06.2013	012/13
Kommunestyre	20.06.2013	

Endeleg vedtak i: Kommunestyret	Arkivsaknr.: 12/134	Saksansvarleg: Jeanette Jensen
---	-------------------------------	--

Vertskommuneavtale øyeblikkelig hjelp senger

Rådmannen si innstilling

1. Kommunestyret i Vågsøy kommune sluttar seg til vedlagde framlegg til Vertskommuneavtale.
2. Avtalen skal tre i kraft frå 01.07.13, etter politisk behandling av avtalen i alle kommunestyra i deltakarkommunane.

04.06.2013 Helse-og omsorgsutvalg

Møtebehandling:

Leder i Helse- og omsorgsutvalget, Nils Myklebust, hadde kommentar til Vertskommuneavtalen, pkt. 6: Om vertskommunearbeidet, siste avsnitt:

«Kvar kommune har rett til å krevje at ei avgjerse vert behandla som prinsipiell. Følgjene av dette er at vedtak må treffast av kvar einskild deltakarkommunane».

Repr. Myklebust ønskte å fjerne siste avsnitt da det er formulert slik at en kommune innenfor samarbeidet kan blokkere for utvikling av samarbeidet. Repr. Myklebust har vært i kontakt med kommunalsjef Kari Krogh i Eid kommune, med dette resultat at avsnittet er blitt fjernet.

Redigert utgave av Vertskommuneavtalen ble lagt ved som vedlegg under behandlingen av saken.

Votering

Rådmannens innstilling ble enstemmig vedtatt.

HS-024/13

Vedtak:

1. Kommunestyret i Vågsøy kommune sluttar seg til vedlagde framlegg til Vertskommuneavtale.

2. Avtalen skal tre i kraft frå 01.07.13, etter politisk behandling av avtalen i alle kommunestyra i deltakarkommunane.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

- Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester, 2012.
- Delavtale mellom kommunane og Helse Førde HF om øyeblikkeleg hjelp (ØH).
- Særavtale mellom kommunane og Helse Førde HF om ØH.
- Driftsavtale mellom kommunane og Helse Førde HF om leige av lokale og kjøp av tenester.

Bakgrunn for saka

I kommunelova § 28-1e heiter det (sitat): «*For et vertskommunesamarbeid skal det opprettes en skriftlig samarbeidsavtale. Avtalen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv. Endringer i avtalen som gjelder forhold som omtalt i nr. 2 og 3, skal skje på samme måte*».

Saksopplysningar / fakta

Kommunestyrevedtak om interkommunale helse- og omsorgstenester: Ordningane med interkommunal legevakt og -legevaktformidling er allereie etablerte ved Nordfjord Sjukehus. Eid kommune er vertskommune. Ordninga med kreftkoordinator vart etablert i 2012, og det er gjort vedtak i alle kommunar om oppstart av ØH-senger frå 01.10.13.

Det føreligg kommunestyrevedtak frå 2009/2010/2013 når det gjeld ovannemnde saker, men det er ikkje inngått vertskommuneavtale for nokon av desse einskildtenestene. I saksutgreiingane er det blitt vist til at det er ønskeleg med ein felles vertskommuneavtale for alle interkommunale tenester ved Nordfjord Sjukehus.

Avklaring av omgrep (rettleiar, s. 18):

- Vertskommune: «er den kommunen som får delegert myndighet frå andre kommuner i samarbeidet til å utføre oppgaver og treffe avgjørrelser på deres vegne.
- Samarbeidskommune: «betegner den kommunen som delegerer myndighet og oppgaver til vertskommunen.
- Deltakarkommune: «brukes som et samlebegrep om alle de kommunene som deltar i samarbeidet, dvs. både vertskommunen og samarbeidskommunene».

Vertskommunemodell:

Kommunelova skil mellom to modellar for vertskommunesamarbeid:

- Administrativt vertskommunesamarbeid (kommunelova, §28-1b).
- Vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd (kommunelova, §28-1c).

Det er dei sakene og oppgåvene kommunane ønskjer å samarbeide om som avgjer kva vertskommunemodell som kan veljast. Dersom det skal delegerast til vertskommunen å treffe

vedtak av prinsipiell betydning, må vertskommune med felles folkevald nemnd etter kommunelova § 28c veljast. For samarbeidet i den føreliggjande vertskommuneavtalen er det naturleg å velje modellen med administrativt vertskommunesamarbeid:

«En kommune (samarbeidskommune) kan avtale med en annen kommune (vertskommune) at vertskommunen skal utføre oppgaver og treffe avgjørelser etter delegert myndighet fra samarbeidskommunen i enkeltsaker eller typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning» (kommunelova, § 28-1b, nr. 1).

Framlegget til vertskommuneavtale er inndelt i 20 punkt, som byggjer på Kommunelova § 28-1e, nr. 2:

Samarbeidsavtalen skal inneholde bestemmelser om:

- a) angivelse av deltakerne og hvilken av disse som er vertskommunen,*
- b) hvilke oppgaver og hvilken avgjørelsesmyndighet som skal legges til vertskommunen,*
- c) tidspunkt for overføring av oppgaver og avgjørelsesmyndighet,*
- d) underretning til deltakerne om vedtak som treffes i vertskommunen,*
- e) det økonomiske oppgjøret mellom samarbeidskommunene og vertskommunen,*
- f) nærmere regler for uttreden og avvikling av samarbeidet,*
- g) annet som etter lov krever avtale.*

Formell delegering til vertskommunen:

- Kommunestyret i samarbeidskommunen gir instruks til eigen rådmann om å delegere mynde til rådmannen i vertskommunen.
- Folkevalde organ i vertskommunen kan ikkje instruere korleis ei sak skal løysast eller omgjere vedtak i vertskommunen på vegner av ein samarbeidskommune. (jfr. rettleiar, s. 19).

Vurdering / konsekvensar

Det er no naudsynt å formalisere det interkommunale samarbeidet på fire tenestemråde i ein avtale. T.d. krev statlege styresmakter at ein slik avtale er inngått for å kunne utbetale tilskot til drift av ØH-senger.

Vertskommuneavtalen må også sjåast i samanheng med dei avtalane som kommunane har inngått med Helse Førde HF i 2012 og 2013. Det hastar difor med formalisering og vedtak også når det gjeld vertskommuneavtale. Slik vert det mogleg å kunne få til god planlegging, gode strukturar, konstruktive evalueringar og samarbeid om både kommunale helsetenester og spesialisthelsetenester.

I tråd med Samhandlingsreforma må alle kommunar finne tenlege løysingar på store helse- og omsorgsutfordringar. Ei samlokalisering og samordning av fleire tenesteområde – i nær tilknytning til sentrale spesialisthelsetenestetilbod i lokalsjukehuset - er eit godt grunnlag for vidare utvikling av heilskaplege tenester til innbyggjarane i deltakarkommunane.

Vedlegg:

Dok.nr
112344
112345
113834

Tittel på vedlegg

LOV 2011-06-24 nr 30 Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m_m_ (helse- og omsorgstjenesteloven).htm
-d LOV-1992-09-25-107 d- Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)_.htm
Vertskommuneavtale ØH, 04.06.2013.pdf



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Helse-og omsorgsutvalg	04.06.2013	025/13
Formannskap	06.06.2013	
Eldrerådet	07.06.2013	011/13
Råd for funksjonshemmede	07.06.2013	011/13
Kommunestyre	20.06.2013	

Endeleg vedtak i: Kommunestyret	Arkivsaknr.: 13/319	Saksansvarleg: Jeanette Jensen
---	-------------------------------	--

Samhandlingsbarometeret organisering og finansiering

Rådmannen si innstilling

1. Vågsøy kommune sluttar seg til tilrådinga frå KS Sogn og Fjordane om vidare deltaking i Samhandlingsbarometeret, i samsvar med notatet «Samhandlingsbarometeret – vidare utvikling og drift etter prosjektfasen».

2. Årskostnadene for Vågsøy kommune, frå 2014, vert på kr 13 266,-. Kostnadene vert lagt inn i budsjettet og økonomiplanen frå 2014. I 2013 vert drifta finansiert av Helse Førde og Førde kommune gjennom prosjektmidlar frå staten.

04.06.2013 Helse-og omsorgsutvalg

Møtebehandling:

Konst. kommunalsjef Jeanette Jensen orienterte.

AP v/Helen Hjertaas fremmet følgende nytt punkt 3 til rådmannens innstilling:

«3. Vågsøy kommune ønsker å stille med representant til ressursgruppen.»

Votering

Det ble først votert over nytt punkt 3 fremmet av AP v/repr. Hjertaas. Dette ble enstemmig vedtatt. Det ble deretter votert over rådmannens innstilling inkludert nytt punkt 3. Dette ble enstemmig vedtatt.

HS-025/13

Vedtak:

1. Vågsøy kommune sluttar seg til tilrådinga frå KS Sogn og Fjordane om vidare deltaking i Samhandlingsbarometeret, i samsvar med notatet «Samhandlingsbarometeret – vidare utvikling og drift etter prosjektfasen».
2. Årskostnadene for Vågsøy kommune, frå 2014, vert på kr 13 266,-. Kostnadene vert lagt inn i budsjettet og økonomiplanen frå 2014. I 2013 vert drifta finansiert av Helse Førde og Førde kommune gjennom prosjektmidlar frå staten.
3. Vågsøy kommune ønsker å stille med representant til ressursgruppen.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Rammeavtale mellom Helse Førde og kommunane, 01.02.12.
Delavtalar og særavtalar mellom kommunane og Helse Førde HF, 2012/2013.

Bakgrunn for saka

Samhandlingsbarometeret skal over frå prosjektfase til driftsfase i 2013. Kommunane i Sogn og Fjordane vert bedne om å slutte seg til den vidare drifta og dele på driftskostnadene. Saka skal handsamast i alle kommunar. Saka har vore handsama i Fylkesstyret i KS og i Rådmannsutvalet, som tilrår at kommunane sluttar seg til vidare drift og yter økonomisk støtte etter vedlagde modellframlegg.

Saksopplysningar / fakta

Samhandlingsbarometeret er ein nettstad som skal vere ein kunnskapsplattform for samhandling og arbeidsdeling mellom kommunane og spesialisthelsetenesta i Sogn og Fjordane (jfr. Kap. 6 i vedlagde notat: målsetting). Nettstaden skal bidra til å sikre betre kunnskap om kva tenester og behandling som skal ystast av dei ulike partane, og formidle informasjon som fremjar samhandling og kunnskapsbasert utvikling av rehabiliterings-, helse- og omsorgstenestene og det helsefremjande arbeidet.

Nettstaden var i utgangspunktet ein felles nettportal for Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane, men etter kvart er også Høgskulen i Sogn og Fjordane blitt ein aktiv samarbeidspart..

I prosjektfasen (01.05.11-01.03.13) er drifta av Samhandlingsbarometeret finansiert av samhandlingsmidlar frå Helse Vest RHF.

Styringsgruppa for Samhandlingsbarometeret ser føre seg ei vidare utvikling og drift av nettstaden med dei tre ovanneemde partane som eigarar. Styringsgruppa ser også at det er potensiale for å kunne utvikle nettstaden vidare, og å utvide den til også å gjelde for andre helseføretak og regionar (i første omgang Helse Bergen og kommunane i deira opptaksområde).

Samhandlingsbarometeret skal minst innehalde (kap. 6 i vedlagde rapport):

- Data som gjeld tilvising til spesialisthelsetenesta.
- Data som gjeld forbruk av både kommunale tenester og spesialisthelsetenester.
- Informasjon om kva tenester og behandling dei ulike partane yter.
- Annan informasjon som er viktig for samhandlinga mellom nivåa, som til dømes venteliste og kvalitetsindikatorar i spesialisthelsetenesta.
- Demografiske tilhøve som kan bety noko for utviklinga av helsetenestene og folkehelsearbeidet.
- Avtalar mellom kommunar og Helse Førde som gjeld Samhandlingsreforma.

- Relevante forskingsrapportar og ny kunnskap innan helse- og omsorgsområdet, rehabilitering og folkehelsearbeid.

Økonomiske konsekvensar for kommunane:

Jfr. Vedlagde finansieringsmodell (50% likt fordelt og 50% etter folketal), og kap. 3 i vedlagde notat.

Dei årlege økonomiske konsekvensane for Vågsøy kommune, frå 2014, vert på kr 13266,-. Totalt vert den samla årlege kostnaden for kommunane på kr 280 000,-.

Dei totale, årlege driftsutgiftene er stipulerte til kr 1 100 000,-.

I 2013 vert drifta finansiert av attverande prosjektmidlar, midlar frå Helse Førde og eksterne midlar.

Vurdering / konsekvensar

Både Fylkesstyret i KS og Rådmannsutvalet tilrår kommunane å slutte seg til vidare drift av Samhandlingsbarometeret etter avslutta prosjektperiode – i samsvar med notatet «Samhandlingsbarometeret – vidare utvikling og drift etter prosjektfasen», dagsett 02.01.13.

For kommunane er det viktig å ha ein nettstad med samla informasjon frå dei tre samarbeidspartane.

Kap. 2 i ovannemnde notat viser framlegget til organisering med ei styringsgruppe med representantar frå alle tre samarbeidspartane. For at utviklinga skal verte i tråd med målsettinga for Samhandlingsbarometeret, er det viktig at utvikling og drift skjer i eit samarbeid mellom representantar frå både kommunane, Helse Førde HF og Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
107346	Samhandlingsbarometeret - vidare utvikling og drift etter prosjektfasen - handsaming i kommunane
107345	Følgeskriv
107347	Samhandlingsbarometeret - mogleg kommunal finansiering.xlsx

Journalposter i arkivsaken – uprenta vedlegg

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	I	13.02.2013	Helse Førde v/Vidar Roseth	Samhandlingsnytt
2	I	12.03.2013	Helse Førde HF	Samhandlingsnytt mars 2013
3	I	13.03.2013	Kommunenenes Sentralforbund	Samhandlingsbarometeret - vidare utvikling og drift etter prosjektfasen - handsaming i kommunane
4	I	13.05.2013	Vidar Roseth	Samhandlingsnytt mai 2013

